



Dykkar ref.

Vår ref.
15/03854-4

Dato
22.01.2016

Referat frå møte i samarbeidsutvalet Nye Gol skule 21.01.16

Desse møtte: Ivar Haugstad og Tor Haugstad (foreldrerepresentantar), Arne Hesla og Liv Karin Bakke Haugen (elevrepresentantar), Laila Mehl og Mona Wibe (lærarrepresentantar), Anne Synnøve Andersen (repr. for andre tilsette), Astrid Kvåle (inspektør), Ingebjørg By Teigen (rektor)

Forfall: Jan Kattenberg

1 Organisering av skuledagen og skuleveka ved Nye Gol skule

SU drøfta saka og framlegget til vedtak. Rektor målbar ynskje frå SFO-leiar om at skuledagen for 1. og 2. klasse kunne slutte kl. 12.00 ein dag i veka, slik at dei kunne få ei litt lengre SFO-økt med mat denne dagen. SU støtta ikkje dette, men meinte at det var betre for dei minste at kvar skuledag var like lang og hadde dei same rutinene.

SU støtta framlegg til vedtak, og saka blir sendt til politisk behandling.

2 Strategi for vidareutdanning av lærarar 2016-2025

SU hadde følgjande merknader til saka:

- Vidareutdanning for skuleleiarar bør takast med i strategien ettersom desse også er innlemma i den statlege strategien for kompetanseheving
- Ordlyd i strategien om at norsk på ungdomstrinnet er eit arbeidskrevjande fag og at kvar lærar ikkje bør ha meir enn ein klasse, bør modererast.

Rektor presiserte at strategien må følgjast opp av årlege planar for kompetanseheving som vil gjelde både etter-og vidareutdanning og for alle yrkesgrupper i skulen.

SU såg behovet for vidareutdanning og støtta strategien.

3 Orientering frå FAU

FAU-og SU-leiar Ivar Haugstad orienterte SU om arbeidet som var gjort så langt med å få oversikt over kva FAU kan søke av midlar til utstyr/ innbu til Nye Gol skule.

FAU meiner at finansiering av inventar er ei kommunal oppgåve og vil konsentrere seg om å søkje midlar til bruk utomhus. Det vart også orientert om skriv til kommunestyrerepresentantane om kompensasjon for inventar som vaksenopplæringa skal overta på gamle Gol skule.

4 Eventuelt

- Omvisning
SU/FAU-representantar kan få koma på omvisning 18. eller 19. februar og valte 19. februar. Klokkeslett blir bestemt seinare.
- VK 16
Inspektør Astrid Kvåle orientert om Veilederkorpset 2016:
Gol kommune har søkt og fått tilbud om gratis veiledning frå Utdanningsdirektoratet som ein av 10 kommunar i landet. Grunngevinga for søknaden var både overgang til 1-10-skule og hjelp til å få betre fagleg læringsutbytte for elevane. Skuleleiarar, leiar for UKL og HTV for Utdanningsforbundet var på oppstartskonferanse i desember. Dei 4 veilederane Gol har fått tildelt er alle erfarne skulefolk. Første veiledningøkt var 11. og 12. januar. Dei to neste dette halvåret er 14. mars og 10.juni.
- Namn på SFO/ spesialpedagogisk-avdeling
Rektor ynskjer eit anna namn på skilt og i daglegtale enn SFO/ATO. Spørsmålet har vore drøfta på It`s learning og i referansegruppa. SALTO og Armkroken var to forslag. Referansegruppa gikk til slutt inn for Armkroken som namn. Ettersom rektor har høyrte at det er misnøye med namnet, vart spørsmålet no tatt opp att fordi det no er like før skiltinga skal produserast. Nokre SU-representantar støtta Armkroken. Det skal vera nytt møte i referansegruppa tysdag, og dette vil vera siste frist for ev. andre forslag.

Med helsing

Ingebjørg By Teigen
rektor

Godkjent og ekspedert utan underskrift

Kopi til: